



Søknad om helse- og omsorgstenester

Tenester

Opplysningane er unnateke offentleg innsyn, jf. offentleglova § 5 og underlagt teieplikt, jf. offentleglova § 13.

Tenestetilbod

- | | |
|---|--|
| <input type="checkbox"/> Institusjonsplass, langtid | <input type="checkbox"/> Institusjonsplass, korttid/rehabilitering |
| <input type="checkbox"/> Avlastningstiltak | <input type="checkbox"/> Dagsenter ved Eiklund |
| <input type="checkbox"/> Heimesjukepleie | <input type="checkbox"/> Omsorgsløn |
| <input type="checkbox"/> Praktisk bistand | <input type="checkbox"/> Personleg assistent |
| <input type="checkbox"/> Psykiatrisk teneste | <input type="checkbox"/> Tryggingsalarm |
| <input type="checkbox"/> Miljøarbeid | <input type="checkbox"/> Omsorgsbustad |
| <input type="checkbox"/> Dør-til-dør kort | <input type="checkbox"/> Hjelpemiddel |
| <input type="checkbox"/> Følgjekort | <input type="checkbox"/> Vask av tøy |
| <input type="checkbox"/> Parkeringskort | <input type="checkbox"/> Individuell plan |
| <input type="checkbox"/> Koordinator | <input type="checkbox"/> Anna |

Søkjjar

Opplysningar om søkjaren

Førenamn/Etternamn

Fødselsnummer (11 siffer)

Adresse

Postnr/stad

Telefon/Mobiltelefon

E-post

Sivilstatus

Ugift

Sambuar

Gift

Enke/enkemann

Bur åleine

Ja

Nei

Fastlege (namn)

Fullmakt

Eg ønsker å gje nokon fullmakt i saka mi:

Ja

Nei

Grunngjeving

Eigen situasjon

Grunngjeving for søknaden:

Pårørande

Næraste pårørande 1 (oppgje gjerne fleire pårørande)

Førenamn/Etternamn

Adresse

Postnr/sted

Telefon/Mobiltelefon

Tilknytning til søkjar

Næraste pårørande 2

Førenamn/Etternamn

Adresse

Postnr/sted

Telefon/Mobiltelefon

Tilknytning til søkjar

Samtykkje

Eg gjev med dette sakshandsamar fullmakt til å innhente dei opplysningane som er naudsynte for handsaming av søknaden, og til å registrera IPLOS-opplysningar og diagnoser.

Eg har sett meg inn i orienteringa og er innforstått med at kommunen vil føreta ei tverrfagleg saksutgreiing. Eg samtykkjer difor til at opplysningar som fagpersonar sit inne med, og som kan ha relevans for saka, kan bli nytta i ei tverrfagleg vurdering av søknaden. Dette kan òg utvekslast elektronisk (t.d. mellom fastlege/sjukehus/omsorg).

Eg gjev samtykkje til at sakshandsamar innhentar opplysningar om inntektstilhøva mine frå likningskontor og NAV der det er naudsynt. Dette kan òg utvekslast elektronisk.

For meir informasjon om IPLOS-opplysningar, les informasjonen til slutt i skjemaet (Lagring og bruk av opplysningar)

Søknaden vert godkjent med elektronisk signatur med innlogging via ID-porten. Du treng difor ikkje skrive ut skjema og signere før innsending.

Dersom det er andre enn søkjaren som skriv under, må det leggjast ved fullmakt frå søkjaren.

Vedlegg

Aktuelle vedlegg

Kryss av for kva vedlegg som følgjer søknaden

- For å kunna søkja om plass i skjerma eining for demente, må det visast til ein dokumentert diagnose om aldersdemens / Alzheimer frå lege
- Til søknad om opphald i sjukeheim - same kva tye opphald - , vert det kravd legeerklæring om helsetilstand og behov for tenestene
- Ved 1. gongs søknad om avlastning for barn, må det leggjast ved uttale frå lege / psykolog i høve til behov for avlastning
- Til søknad om bustad vert det kravd tilleggsopplysningar om butilhøve og inntekt
- Dersom det er andre enn søkjaren som skriv under, må det leggjast ved fullmakt frå søkjaren

Søknaden skal sendast til:

Hyllestad kommune
Lifjordvegen 7
6957 Hyllestad

Informasjon

ORIENTERING TIL SØKJAREN

Det er søkjaren som skal fylle ut søknaden. Pårørande eller andre kan hjelpe til med å fylle ut søknaden. Alle opplysningar vert handsama konfidensielt.

Saksgang

Du vil bli kontakta av kommunen for å avtale heimebesøk om ein finn det naudsynt. Du vil då få besøk av helsepersonell, som vil rådføre seg med deg og stille spørsmål om kva hjelp du treng, helsetilstanden din, kor praktisk bustaden din er og korleis du trivst.

Dei vil òg orientere deg om dei kommunale tenestene og hjelpetiltaka.

Du må gjerne ha andre personar til stades ved eit slikt besøk, dersom du ønskjer det. Saman med helsepersonell drøftar de kva som tener deg best.

Etter heimebesøket vert det utarbeidd ei fagleg vurdering som vert gitt til inntaksnemnda i kommunen.

Vi gjer merksam på at det kan vera ventetid på nokre av tenestene våre, alt etter om vi har ledig kapasitet eller ikkje for den tenesta du søker om.

Søknaden din og den faglege vurderinga vert handsama av inntaksteamet. Når vedtak er fatta vil du bli orientert skriftleg.

Inntaksnemnda er sett saman av leiar sjukeheim, leiar heimetenestene og tilsynslegen.

Betaling

Ein del tenester er betalingspliktige, og betaling vil bli kravd etter gjeldande forskrifter.

Vilkår

Dei fleste tenester krev at mottakar innfrir ulike vilkår. Til dømes krev tenesta praktisk bistand i heimen (heimehjelp) at hushaldninga har tekniske og/eller elektriske innretningar og anna naudsynt utstyr som er vanleg i ein heim.

Klage- og innsynsrett

Avgjerdar på søknader er enkeltvedtak og kan påklagast etter reglar i forvaltningslova. Du har òg rett til innsyn i saka.

Lagring og bruk av opplysningar

Kommunen er pålagt å nytte [IPLOS](#) som eit obligatorisk verktøy for sakshandsaming, dokumentasjon og statistikk innafor pleie- og omsorgstenestene. Opplysningane vert sendt til Statistisk sentralbyrå ved kvart årsskifte og lagra i eit sentralt elektronisk register som grunnlag for statistikk. Opplysningane kan ikkje sporast tilbake til kven opplysningane gjeld.

Opplysningane som vert registrert i IPLOS er m.a. bustadkommune, kjønn, fødselsår, sivilstand, type husstand, funksjonsevne, relevante helseopplysningar og vedtak.

Opplysningane skal følgja journalen din, og berre dei som treng det i sitt arbeid skal ha tilgang til opplysningane. Alle i kommunen har teieplikt.

Innhentinga av opplysningane til IPLOS-registreringa er godkjent av Datatilsynet.

Du kan reservere deg om at diagnoseopplysningar vert sendt til IPLOS-registeret, gje kommunen melding om dette er aktuelt. Hyllestad kommune lagrar all informasjon som er innhenta om brukarane i ein elektronisk pasientjournal. Denne er konfidensiell. Du som brukar har rett til innsyn i denne journalen.

Søknad om innsyn kan sendast til:

Hyllestad kommune

Lifjordvegen 7

6957 Hyllestad

Fullmakt
Gruppe
Vedlegg
Vedlegg legges ved søknaden